

## **Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 06.04.2018**

### **Ymse**

Gunbjørg S. Hansen frå fylkessekretariatet deltok i første del av møtet for å informere om rutinar i høve til møte- og reisegodtgjersle i styresamanheng.

### **Årsmelding for Fagskolen i Hordaland**

I samband med sak PS 12/18 ber styret om at årsmeldinga for Fagskolen i Hordaland vert sendt ut til relevante aktørar i Hordaland. Vidare ønskjer styret ei sak med revidert budsjett i mai 2018.

### **Informasjon- og saksflyt i politiske saker som vedkjem styret**

Rosalind Fosse sette på vegner av styret fram forslag om at saker som har vært handsama politisk og som vedkjem fagskulen vert lagt frem for styret som melding. Døme på dette er sak om kursverksem og sak om fondsavsetning. I tillegg er det ønskjeleg at styret kan gje ei uttale i saker som vedkjem styret i samband med politisk handsaming som fagutval.

### **Kursverksem**

Styret ber om ei sak med ein gjennomgang av kva kursverksem fagskulen skal ha i framtida til møtet i mai 2018.

### **Budsjett**

Styret ber om sak om budsjettet for 2019.

### **Regionreforma**

Styret ber om informasjon om korleis styret i Sogn og Fjordane er organisert, samt informasjon om Fagskulen Sogn og Fjordane, samt at det etter kvart vert avtalt eit felles møte med styret for fagskulane i det nye vestlandsfylket.

### **Kompetanseplan og strategi**

Styret ber om ei orientering om moglegheiter for lærarar i fagskulen i høve til kompetanseutvikling. Er det eit kompetansebehov som er utdekt, og korleis er situasjonen i høve til rekruttering av nye lærarar.

### **Styremøte ved studiestader**

Styret ønskjer eit styremøte med besøk på Hjeltnes og Voss.

### **Orienteringar:**

Rektor orienterte om søkeratala for neste skuleår og gjennomføring av den første Vestlandskonferansen for lærarar i Bergen.